



# ÅRSMELDING OG REKNESKAP

1994

VOLDA ØRSTA  
REINHALDSVERK

# **ÅRSMELDING FOR VOLDA ØRSTA REINHALDSVERK 1994**

## **Innleiing**

Volda Ørsta Reinhaldsverk er organisert som eit interkommunalt selskap. Selskapet vart stifta i 1987, og har som oppgåve å samle inn og handsame alt avfallet frå regionen.

Det skjer store og raske endringar i bransjen. Nye krav til mellom anna graden av gjenvinning og arbeidsmiljøet gjer at ein møter utfordringar i alle ledd. VØR har i 1994 arbeidd i fremste rekke når det gjeld handsaming av det våtorganiske avfallet. Problema med å vere i «forkant» i arbeidet, er det at ein arbeider utfrå signal frå styresmaktene. Dei endelege påleggja og lovne dryg ut.

Til dømes i Tyskland og Danmark er dei komne vesentleg lenger i konkrete krav til avfallshandteringa. Tradisjonelt så vert desse krava retningsgjevande også for oss i Noreg, og vi må bu oss på stadige endringar og skjerpa krav. Som eit døme så er kompostering på veg inn i Noreg (open rankekompstering), men på veg til å bli forbode i Nederland på grunn av helsekadlege stoff frå komposten (gassar, støv o.l.).

## **Aktiviteten i VØR**

### **Hushaldningsavfall**

Det har skjedd små endringar i innhentingsrutinene i VØR i 1994. Vi har fire lag i dagleg arbeid. Arbeidet med alternative innhentingsmetodar har ikkje ført til endringar i praksis, men ein vurdere å prøve ut løysingar med konteinrarar. Mangel på heiser på bilane har ført til at desse forsøka er utsette til dette er på plass. Arbeidet med innsamlinga vert organisert av sjåførane, og inntrykket er at mange års røynsle fører til god flyt og sikker innsamling. Tek ein i augesyn alle stadane bilane er innom gjennom heile året i alt slags føre, så er det ein imponerande skadestatestikk vi har. Ingen alvorlege person eller materielle skader i 1994, og dette tyder på sikker framferd både av sjåførar og renovatørar.

Dei som verkeleg merkar innhentinga på kroppen er renovatørane, og vi bør vurdere utvida bruk av konteinrarar eller ein kombinasjon av tralle og heis for å redusere tunge løft. Dette vil gjøre kvardagen lettare, og gevinsten vil vere at ein kan utnytte utstyr og mannskap endå betre enn i dag.

Nytt i 1994 var at Trandal kom med i renovasjonen. Vi har ei prøveordning der og avtale med eit lokal sameige om innsamling og levering av avfall i konteinrarar på ferga.

## Papirinnsamling

VØR har drive med papirinnsamling sidan hausten 1993. 1994 vart altså det første heile året, og nytt utstyr (frå oktober 94) har medført at innsamlinga er svært rasjonell. Mot tidlegare ein eigen bil og to til tre mann på laget, nytta vi no ein todelt bil og kun ein mann ekstra. Vi har rekna ut at denne omlegginga sparar inn rundt 400.000,- kroner pr år i driftsutgifter.

Det neste vi må sjå på er bruken av dei blå sekkane. Det er ofte svært tunge sekkar som skal handterast, og det tek for mykje tid å legge tilbake den tomme sekken etter töming. Spesielt i ruskevær er dette tidkrevjande. Vi vurderer å prøve papirsekkar (12 stk. pr abonnent) eller sentralt plasserte konteinarar.

Transporten av papir frå VØR til mottakar er også ein aktivitet vi må arbeide med. I dag omlastar vi papiret, i tillegg har vi vel små bilar til å køyre heilt til Ålesund med (ca. fem tonn papp og papir pr. tur) så dette blir for kostbart i lengda. Ein må vurdere større køyrety, eller kombinasjonskjøreyt og legge opp til å sleppe omlastinga. Dette må vurderast saman med utbygginga av sorteringsanlegget for grovavfall.

Generelt sett så er ordninga med papisorteringa svært godt motteken, og vi har mange positive tilbakemeldingar. Det som likevel er eit «skår i gleda» er at det er vanskeleg å få innsamlinga lønsam. Første halvår 94 leverte vi papiret gratis til Peterson Sykylven, men på grunn av sprengd kapasitet måtte vi endre mottakar. Alternativet var då å gå til Norsk Gjenvinning Sunnmøre i Ålesund, og her betalar vi 150,- kroner pr tonn levert papir. I tillegg til dette så kutta Staten statsstøtta (150,- /tonn), slik at «inntekta» vart redusert med totalt 300,- kroner pr. tonn. Likevel er det eit sentralt krav at ein skal levere gjenninnbare fraksjonar til gjenvinning. Så ein «konklusjon» på dette er at: gjenvinning er ikkje *butikk* men *politikk*.

Oppgåva for VØR vert å gjere innsamling og vidaretransport så effektiv som råd, for å gjere dei raude tala så små som råd.

## Glasinnsamling

Innsamling av glas til retur har stått stille i 1994. Det har ikkje lukkast å få nye avtalar om levering av glas til gjenvinning, og VØR har heller ikkje sette seg syn med å sortere glaset utover det abonnementante sjølvé gjer ved levering. Trass dette har vi valgt å la dei ni igloane stå ute for at dei som sorterer glas skal kunne fortsette med det. Målet er å utvide denne innsamlinga, med vi må først få orden på avtaket. Inn til vidare vert glaset deponert i Alida, og VØR har hausta ein del «storm» på grunn av dette m.a.fra fylkesmannen. Trøsta får vere at VØR ikkje er åleine om ei slik midlertidig løysing, og målet må vere å få orden på dette innan utgangen av 1995.

## **Slam**

Det vart utført 2. tømerunde av slammet i 94. Dette gjekk svært roleg føre seg, og entrepenøren ordna det meste med utsending av meldingar og det praktiske arbeidet med tøminga.

Hovedoppgåva her er å sjå på handsaminga av slammet for å nytte dette vidare.

Det er framleis avvik mellom tømelister og fakturalister, og det vert arbeidd intenst for å rette opp i dette.

## **Spesialavfall**

Det som var nytt i 1994 på denne fraksjonen var etableringa av «SKVETT'n» ordninga. Det vart plassert ut totalt 14 konteinarar (permanent) slik at alle abonnentane har tilgang på ein konteinrar i nærmiljøet. Ordninga vart innført i heile fylket samtidig, og er eit resultat av eit samarbeid mellom fylkesmannen, dei interkommunale renovasjonsselskapene i Møre og Romsdal og Ålesund. Volda og Ørsta er ein av totalt seks regionar som fylket er delt inn i.

Det er vanskeleg å seie noko om denne ordninga har tilfredstilt forventningane når ein ser på innsamla mengde. Det syner seg at det meste av avfallet som kjem inn er grovafall, men alle abonnentane har tilbodet, og det er dette kommunen er pålagde å ha.

## **Prosjektarbeid**

### **Registrering**

1994 vart nytta til å gjennomføre ein grundig gjennomgang av abonnementstala.

Gjennomgangen syntte at det var svært store «hol» i listene, og det vart vedteke å gjennomføre ein registering. VØR har ikkje heimel til å gå inn i hus å sjekke talet på bueiningar, og ein måtte nøye seg med å sjå etter ytre teikn på fleire bueiningar; delvis spurte vi folk på staden.

Resultatet av dette arbeidet var omlag 1000 noteringar, der vi sorterte i tre kategoriar: ikkje registrert, hus nr. to eller fleire bueiningar i huset. Ein gjekk så igjennom lista og strauk dei som kom under arealkravet (jmf. forskriftene § 5). Det vart så sendt ut eit brev til dei som stod att på lista med spørsmål om observasjonen vår stemte. På denne måten fekk alle høve til å uttale seg.

Som vi kjenner til vart dette svært därleg motteke, i og med at det for dei aller fleste vi tok kontakt med førte til ei dobling av reovasjonsutgiftene. Både politikarar og ulike grupperingar kritiserte VØR og administrasjonen for å ha teke til med dette, og måten den var gjennomført på. Like fullt så forsvarer styret det med at det er politiske vedtak VØR har å gå etter, og avisar kritikken.

Det heile tok etterkvart ein lei retning og vart til dels personsentert; ikkje minst ved hjelp av lokal presse.

Vel, arbeidet held fram i 1995, og vi reknar med at registreringa saman med gjennomgang av kommunale avgiftsregister vil føre til 800-900 nye abonnentar. 600 av desse er med frå februar 1995. Inntektene frå desse nye abonnentane er med på å delvis finansiere nye investeringar, og fører også til at grunnebyret for renovasjonen kan gå ned for 1995.

## **Kvitevarer**

VØR har framleis gratis mottak av kvitevarer. Trass i signal om at innsaminga og gjenvinninga er dyr for staten, så har vi endå ikkje fått krav om betaling for vidarelevering. Tapping av gassar frå kjøleskap og frysarar vert ikkje utført, og vi har motteke meldingar om dette er ein på veg vekk i frå. Det er meir fornuftig å nytte resursane på andre tiltak som gjev ein betre miljøgevinst. Dette skuldast delvis at dei fryse og kjøleskapa som kjem inn ofte er tomme for gass, og at ein etterkvart får inn skap som ikkje inneheld dei ozon-nedbrytande KFK gassane.

## **Grovavfall**

Grovafalseponet i Alida er framleis ikkje slik vi ynskjer det. Nye krav til slike deponi gjer at ein neppe finn det lønsamt å drive her særleg lenger. I budsjettframlegg for 1995 er det med kostnad for å bygge eit sorteringsanlegg for denne fraksjonen. Før dette er i drift ser vi ikkje nokon løysing på dei driftsmessige vanskane vi har. Det er i hovudsak flygeavfall som skaper estetiske problem. Vi har «lappa» litt på dette ved å sette opp eit høgt plankegjerde som delvis skjermar for innsyn og at hidrar noko av plasten og isoporen i å flyge ut.

Ein må parallelt med planane om sorteringsanlegg arbeide med å nytte prisinga på avfallet meir beivist. Ei differensiering av sortert og ikkje sortert grovavfall er lagt inn i framlegget til gebyr i 1995.

## **Landbruksplast**

Erfaringane frå aksjonen i 1993 førte til at bøndene vegra seg noko for å ta til med innsamling og pressing av plasten sentralt. I staden har VØR henta inn ein del ferdig pressa ballar frå distrikta. Det er usikkert om denne innsamlinga vil halde fram på grunn av at det røyner på rundballepressene når ein nyttar dei til plast.

VØR har sagt seg villeg til å delta i vidare innsamling i ein eller annan form, men ventar at initiativet skal kome frå landbruket og organisasjonane der.

## **«Våraksjon»**

Det vart vedteke å utvide tilbodet i ein slik våraksjon i 94. Det vart plassert ut konteinarar i dei fleste grender i veka før 17. mai. Den «responsen» dette fekk overgjekk alle dei prognosene vi hadde i utgangspunktet. Det vart køyrt grovavfall natt og dag i over ei veke, og enkelte stadar såg ein ikkje igjen konteinarane p.g.a. alt avfallet. Det heile utvikla seg til ein noko fortvila situasjon, men p.g.a. god innsats frå VØR sitt mannskap og innleid hjelpefikk vi rydda det meste til 17. mai.

Tilbakemeldingane vart svært positive, men igjen vart det økonomien som trekte ned heilheitsinntrykket. Berre transportrekningane kom på over 150.000,- kroner. Altså: ei god men dyr erfaring. For neste år må ein legge opp eit noko meir kontrollert opplegg, og kanskje konstruere seg om distrikta. Sentrumssoråda må nytte Miljøstasjonen som leveringsstad.

## **Våtorganisk avfall**

Arbeidet med å finne ei god løysing på handsaming av det våtorganiske avfallet har pågått heile 1994. Det vart gjennomført eit forprosjekt som resulterte i ein søknad om midlar frå SFT. Denne søknaden fekk positiv tilbakemelding, med lovnad om 2,7 mill krone av 1994 midlane og vidare 20% dekning av totale kostnader. Denne tilbakemeldinga ser vi på som ein aksept frå sentrale styresmakter på det arbeidet som vert utført i regi av VØR. Prosjektet vart utvida til også å vurdere om det er rekningsvarande å bygge eit fjernvarmeanlegg ned til meieriet i Ørsta. På grunn av manglande prosjekteringsmidlar vert dette arbeidet ikkje avslutta i 1994, og endeleg vedtak om bygging er utsett til sommar 1995.  
Det vart på vårparten arrangert ein studietur der representantar frå kommunane, landbruket og VØR var i Danmark for å studere dette nærmare.

## **Slam**

VØR har delteke i prosjektarbeid på fylkesplan for å utarbeide ein plan for innsamling av septikslam i Møre og Romsdal. Denne rapporten skal vere ferdig i 1995.


## **Spesialavfall**

VØR har vore aktivt med i utarbeidninga av «SKVETT'n» ordninga for fylket. Dei fleste møta vart halde i 1993, men sjølve oppstarten av ordninga vart i februar 1994.

## Innsamla mengder 94


### Avfall til brenning

Som det går fram av diagrammet under så minkar leverte mengder til Grautneset noko. Ser ein avfallsmengden samla (avfall til brenning og til gjenvinning) så er det svært liten auke frå året før.




### Papp og papir

1994 var det første heile året med innsamling av papp og papir frå husstandane. Ein ser av diagrammet under at ein ikkje har oppnådd ei dobling i høve til andre halvår i 93. Dette skuldast sansynlegvis at det var oppmagasinert store mengder papir som vart levert dei første månadane, og at vintermånadane ikkje var med i 1993. Totalt sett skal vi vere svært nøgde med mengda når ein set dette opp mot dei investeringane som er gjorde.




## Glas Kvitevarer Landbruksplast

Som det går fram av tidlegare avsnitt har VØR ikkje levert noko glas til gjenvinning i 1994. Mengda av kvitevarer er stabil, og dette skuldast at vi to år på rad har hatt omfattande innsamlingar frå distrikta. innsamlinga av landbruksplast er svært beskjeden i høve til dei stipulerte mengdene ein meiner er nytta i Ørsta og Volda. Her bør initiativet kome frå landbruket sjølve for å auke innsamla mengd.




## Spesialavfall




## Spillolje

Det kom inn enorme mengder olje i ryddeaksjonen. VØR hadde ein kort periode lagra dobbelt så mykje olje som vi har dispensasjon for. Det er landbruket som sit på desse oljefata, og det betenkelege her er at mange av desse fata var i svært dårleg stand. VØR vil halde fram med tilbodet om innsamling av større mengder olje frå distrikta gjennom grovavfallsordninga (som eit supplement til Skvett'n).




## Bilbatteri

Det er same årsak til auken i mengda av blyakkumulatorar som før spilloljen. VØR vil også her gjennom grovavfallsordninga i distrikta samle inn batteri.



## Grovafall

Den store auken i privatleveringa skuldast «gratis» levering, og ryddeaksjonen på vårparten



I tillegg til dette har vi ein Åkermann H 9 som vert nytta i grovavfallsdeponiet, og ein eldre Ford traktor som vert nytta til omlessing av papir og snørydding.

## Omlastingstasjonen

Etter ombygginga i januar har komprimatoren fungert svært bra. Vi har senka stempellet, og det medfører at det ikkje kiler seg lenger. Vi har også flytta inn styrepanelet, slik at den som opererer komprimatoren ikkje er så utsett for støv og kulde. Det som bør gjerast snarast er å pusse opp konteinarane som går til Grautneset. Dei er no så rusta at det ikkje er presentabelt. Det står att å sandblåse og lakke tre stykk konteinarar.

Det er eit ynskje å legge til rette for å halde betre orden på området. Det tiltaket som er gjordt i 94, er at vi har inngått ein avtale med Vartdal Gjenvinning om å hente kvitevarene etter kvart. Dette har ført til at vi slepp berget med kvitevarer nede på plassen. Men konklusjonen må bli også i denne årsmeldinga at det er vanskeleg å gjere noko vesentleg endring før ein har ein total plan for området.

Det er i budsjettet for 1995 teke med utviding av personalrom og kontor. Dette er det stort behov for, og vi ser fram til ei løysing på dette.

## Grovavfallsfyllinga

Nye krav til fyllingar gjer at vi må tenke nytt. Å deponere grovavfall på måten vi gjer i dag vert ikkje akseptert, og datoен for stans er 1.1.97. Dei nye krava er går kort fortalt ut på å ha tett botn, oppsamling av sigevatn, prøvetaking av sigevatn og skjerming for flygeavfall (nett). Vi har i tillegg svært begrensa plass i Alida. Det er kapasitet til omlag 15 000 m<sup>3</sup> til i hola, og med så kort levetid finn ein det neppe rekningssvarande å investere store summar i oppgradering av standaren. Løysinga blir som tidlegare nemnt å sortere avfallet og gjenvinne/deponere det andre stadar.

## Slamdeponi

Slamdeponiet fungerer som eit mellomlager i påvente av ein konklusjon på handsaminga av alt våtorganisk avfall. Det er ikkje plass til særleg meir slam no, og vi må ha ei løysing før neste tømerunde i 1996.

## Papirlager

VØR leiger lagerkapasitet hjå Nautvik Knuseverk. Vi disponerer omlag 350 m<sup>2</sup> av ein plasthall der vi lagrar og omlastar papiret. Dette er ei mellombels løysing, då det er noko tvilsamt å arbeide med ein dieseldriven traktor inne i hallen.

## Bemanning og utstyr i 1994

Totalt er utført omlag 14 årsverk i VØR i 1994.

\*\*\*

Mot slutten av året vart Knut Eikrem sjukmeld, og det synte seg snart at sjukdomen tok overhand og han døydde i romjula. Eikrem arbeidde totalt 25 år i renovasjonen, og var med på å bygge opp både anlegget i Alida og den Miljøstasjonen vi har i dag. Han var ein svært trufast medarbeidar, og vi minnest han med takksemd for den arbeidskammeraten han var.

\*\*\*

I tillegg til dei faste stillingane vart det leigt inn ferievikarar, og to personar som var innleigd til avlasting /prosjektarbeid i administrasjonen. Det var først og fremst registreringa av nye abonnentar og avfallsmengda frå næringar som krevde auka kapasitet.

Mot slutten av året vart det gjennomført eit personalkurs, der vi saman med representantar frå Arena AS og Bedriftshelsetenesta gjekk igjennom rutiner og moment som ein meinte ein kunne betre. Dette gjekk først og fremst ut på intern kommunikkasjon og «ansikt utad». Eg trur at alle tilsette i VØR er samde om at ein har hatt godt utbytte av kurset.

Ein har i 1994 utarbeidd eit framlegg til internkontrollsysteem for VØR. Denne kontrollen skal ta i vare dei tilsette si helse, miljøet og tryggleiken. Alle kommunar og kommunale selskap er pålagde å innarbeide ein slik rutine, og målet må vere at internkontrollen er i bruk frå 2. halvår 1995.

Når det gjeld utstyret vi disponerer, så tek det til å bli svært bra. Den store investeringa i 1994 var ein ny renovasjonsbil av typen Norba MF2. Dette er ein todelt bil, som gjer at vi kan hente både boss og papir samtidig. Denne bilen erstatta den eldste Volvoen, som på ny hadde havri på gearkassa. Ein såg seg ikkje syn med å koste på denne bilen noko meir, og han vart avskilt ved årsskiftet.

Det vart vedteke å bygge på konteinrarheiser på dei to bilane som mangla dette, og VØR har no konteinrarheis om tek 1100- liters dunkar på alle bilane. Ynskjet vidare er å utruste ein av bilane med konteinervinsj slik at vi kan satse på eit område med renovering av papp og papir frå næringane. Vi ynskjer å møte den konkurransen vi merkar frå private firma som meir enn gjerne vil inn å «skumme fløyten».

Vi har fem renovasjonsbilar, der den eldste av dei fungerer som reserve.

Vi disponerer no fylgjande maskinelt utstyr:

- Mercedes (78 mod) Norba KI 5
- Nissan (85) norba krokløft
- Volvo FL 614 (88) Norba KI 12 (10 m<sup>3</sup>)
- Scania M93 (90) Norba KI 12 (13 m<sup>3</sup>)
- Scania M93 (93) Norba Linea (13 m<sup>3</sup>)
- Scania M93 (94) Norba MF2 (13 m<sup>3</sup>)
- Toyota Hilux (93) Pickup

## **Rekneskap 1994**

Rekneskapen for 1994 syner eit overskot trass i at vi har store utgifter til slamentrepene. Dette førte til at vi i andre halvdel hadde noko problem med likviditeten, men denne vil kome seg raskt i 1995.

Overskotet på slamtøminga er sett av til framtidige investeringar for å handsame slammet. Dette er i tråd med intensjonen med å ha ei forholdsvis høg slamavgift. Avgiftene som fører til dette overskotet kjem inn som gebyr først i 1995. Trass dette så er inntekta ført i rekneskapen for 1994. Årsaka er at inntekta skal førast som påløpt inntekt det året ein har gjordt arbeidet som gjev grunnlag for inntekta.

Det interne budsjettet er i tillegg til oppdeling i budsjettpostar, oppdelt i avdleinga. Vi har valgt å ikkje føre rekneskapen på same måte. Dette fører til unødig mykje arbeid, og slik rekneskapen vert presentert i årsoppgjeren er det totalen som tel.

Oppdelinga av dei ulike postane i budsjettet stemmer ikkje heilt overeins med måten kommunene fakturerer og fører inntektene på. Dette fører til at einskilde budsjettpostar på inntektssida vert for store medan andre vert for lågt budsjettert. Ein må sjå enkelte av desse postane samla, og totalt sett stemmer dei budsjetterte inntektene bra med overføringane frå kommunene.

Posten for vedlikehald av Miljøstasjonen er kraftig overskriden. Dette skuldast at det vart utført ein større reparasjon som er dekt over forsikring. Utbetaling frå forsikringsselskapet er ført som «erstatningsinntekt», og ein må sjå desse to postane i samanheng.

## **Samarbeidspartnarar**

VØR har nært samrbeid med fleire firma for å yte den servicen som vert kravd av oss.

På administrasjonssida nyttar vi **Voldaregneskap As** til å føre rekneskap og løn. Dette er eit nært samarbeid, og det fungerer svært bra.

På transporten av det komprimerte avfallet til Grautneset har vi fornya kontrakten med **Vatrdal Transport AS**. Dette selskapet har utført denne transporten sidan omlastningsstasjonen vart bygd, og vi har ingen ting å utsett på måten dette vert gjordt.

Når det gjeld slam er det **Miljøservice AS** i Loen som har oppdraget. Dette firmaet har gjennomført 2. tømerunde i 1994, og det heile gjekk greit. Dei administrerer utsending og tilbakemeldingar frå abonnentane.

**Vest Miljø AS** tek seg av innsamla spesialavfall.

**Vatrdal Gjenvinning As** hentar alle kvitevarer.

VØR leiger både telt og areal med **Nautvik Knuseverk As**.

VØR har gode samarbeidspartnarar i desse selskapa.

## **Konklusjon**

1994 vart eit innhaldsrikt år for Volda Ørsta reinhaldsverk. Konkrete planar vart lagt for drifta vidare, og ein ser fram til å ta til med praktiske tiltak i 1995. Eit hovedmål må vere å betre kommunikasjonen med dei folkevalde i formannskap og kommunestyre. Eit resultat av manglende kommunikasjon er at ein får forskyving av vedtak som sikrar framdrift i arbeidet i VØR.

Ein må arbeide fram endå klarare retningslinjer for mynde og informasjonsflyt, og på den måten arbeide for at eit interkommunalt selskap som VØR kan vere tilstrekkeleg handlekraftig i ei tid med store og raske omveltningar.

Hovdebygda 270495

Kjetil Årøen  
driftsleiar

**Volda/Ørsta Reinhaldsverk, 6160 Hovdebygda**

**Notar til rekneskapen for 1994.**

**1) Bankinnskot.**

Av bankinnskota er kr. 138.005 bunde innskot for skattetrekk.

**2) Kundekrav.**

Kundekrav er oppført til pålydande. Det er ikkje venta tap i kundekrava.

**3) Andre kortsiktige krav.**

Kr. 17.500 gjeld lån til tilsette. Resten er påkomne, ikkje fakturerte inntekter frå eigarkommunane.

**4) Varelager.**

Varelageret er ført opp til innkjøpskost. Det er ikkje ukurante varer på lager.

<b>5) Avskrivbare driftsmiddel</b>	Transport utstyr:	Grave- maskin:	Komprima- torstasjon:	Andre anlegg:
Anskaff. kost 01.01.1994:	2.678.109	160.500	4.746.776	900.240
Tilgang 1994:	1.416.930	0	0	535.611
Samla avskrivningar pr. 31.12.1994:	1.145.698	35.666	687.300	842.817
Bokført verde 31.12.1994:	2.949.341	124.834	4.059.476	593.034
Avskrivningar i året:	315.516	17.833	253.700	406.817
Satsar nytta for lineær avskriving:	10 %	10 %	5 %	12,5-66 %

**6) Trygd for lån.**

Av selskapet si samla gjeld er kr. 6.601.544 sikra ved garantiar fra Volda og Ørsta kommunar.

**Volda/Ørsta Reinhaldsverk, 6160 Hovdebygda**

<b>RESULTATREKNESKAP 01.01 - 31.12</b>	<b>note</b>	<b>1994</b>	<b>1993</b>
<b>Driftsinntekter og driftskostnader</b>			
<b>Driftsinntekter</b>			
Salsinntekter av varer og tenester		12.138.376	10.499.868
Tilskot		304.935	24.000
Andre driftsinntekter		173.224	564
Sum driftsinntekter		<u>12.616.535</u>	<u>10.524.432</u>
<b>Driftskostnader</b>			
Forbruk av selde varer		303.594	301.268
Personalkostnader		3.562.300	3.181.393
Driftskostnader		6.883.818	5.444.954
Ordinære avskrivningar	5	993.866	955.891
Sum driftskostnader		<u>11.743.578</u>	<u>9.883.506</u>
Driftsresultat		<u>872.957</u>	<u>640.926</u>
<b>Finansinntekter og finanskostnader</b>			
Renteinntekter		(20.091)	(65.388)
Rentekostnader		<u>405.217</u>	<u>657.644</u>
Netto finansinntekter		<u>385.126</u>	<u>592.256</u>
<b>Årets resultat</b>		<u>487.831</u>	<u>48.670</u>
<b>Oppskrivningar og overføringer</b>			
Dekt tildlegare udekt tap			25.079
Avsett til fond for slamhandsaming		481.355	
Tilført kapitalkonto		<u>6.476</u>	<u>23.591</u>
		<u>487.831</u>	<u>48.670</u>

# SØRE SUNNMØRE KOMMUNEREVISJON

Til Representantsskapet for Volda og Ørsta reinhaldsverk

6160 HOVDEBYGDA

## REVISJONSMELDING FOR 1994

Vi har revidert årsoppgjeren for Volda og Ørsta reinhaldsverk for 1994. Årsoppgjeren som består av årsmelding, resultatrekneskap, balanse og notar er utarbeidd av verksemda sin daglege leiar/rekneskapsførar.

Oppgåva vår er å granske verksemda sitt årsoppgjer, rekneskap og handsaminga av verksemda sine tilhøve elles.

Vi har utført revisjonen etter gjeldande lover, forskrifter og god revisjonsskikk. Vi har gjennomført dei revisjonshandlingane som vi har sett på som naudsynte for å stadfeste at årsrekneskapen ikkje inneheld vesentlege feil eller manglar. I samsvar med god revisjonsskikk har vi kontrollert utvalde delar av grunnmaterialet som bygger opp om rekneskapspostane, vurdert rekneskapsprinsippa og dei skjønnmessige vurderingane som er gjort av leiinga, samt innhald og presentasjon av årsoppgjeren.

Kortsiktig gjeld er større enn omløpsmidlane. Dette kan tyde på stram likviditet. Styret må vurdere å treffen tiltak for å betre likviditeten.

Årsrekneskapen syner eit årsoverskot på kr 487.831,- , gjort opp i samsvar med rekneskapslova sine reglar og god rekneskapsskikk.

Larsnes, 30. august 1995



Jostein Støylen  
revisjonssjef

\*\*\*\*\*

Kommunerevisjonsdistrikt 4 i Møre og Romsdal  
Hareid, Herøy, Sande, Ulstein, Vanylven, Volda og Ørsta

Volda/Ørsta Reinholdsverk, 6160 Hovdebygda

BALANSE PR. 31. DESEMBER	note	1994	1993
<b>EIGNELUTER</b>			
<b>Omlaupsmiddel</b>			
Bank- og postgiroinnskot	1	182.995	974.584
Kundekrav	2	706.966	33.659
Andre kortsiktige krav	3	853.832	436.109
Lager av varer for sal	4	<u>82.656</u>	<u>59.988</u>
Sum omlaupsmiddel		<u>1.826.449</u>	<u>1.504.340</u>
<b>Anleggsmiddel</b>			
Transportmiddel	5	2.949.341	1.847.927
Gravemaskin	5	124.834	142.667
Komprimatorstasjon	5	4.059.476	4.313.176
Andre anlegg	5	<u>593.034</u>	<u>464.241</u>
Sum anleggsmiddel		<u>7.726.685</u>	<u>6.768.011</u>
Sum eigneluter		<u>9.553.134</u>	<u>8.272.351</u>
<b>GJELD OG EIGENKAPITAL</b>			
<b>Kortsiktig gjeld</b>			
Leverandørar		549.583	552.214
Kassakreditt		175.194	
Skattetrekk og arbeidsgjeveravgift til Folketrygda		236.223	218.849
Skyldig meirverdi og investeringsavgift		308.795	167.085
Påkomme, ikkje forfalne løner & feriepengar		354.660	380.122
Anna kortsiktig gjeld		66.184	82.696
Avdrag på langsiktig gjeld førstkomande år		<u>772.720</u>	<u>656.717</u>
Sum kortsiktig gjeld		<u>2.463.359</u>	<u>2.057.683</u>
<b>Langsiktig gjeld</b>			
Lån		6.426.350	5.923.070
Avdrag på langsiktig gjeld førstkomande år		<u>(772.720)</u>	<u>(656.717)</u>
Sum lang siktig gjeld		<u>5.653.630</u>	<u>5.266.353</u>
<b>Eigenkapital</b>			
Eigenkapital		954.790	948.313
Fond til slamhandsaming		481.355	0
Sum eigenkapital		<u>1.436.145</u>	<u>948.313</u>
Sum gjeld og eigenkapital		<u>9.553.134</u>	<u>8.272.349</u>
Trygd	6	<u>6.601.544</u>	<u>5.923.070</u>

Hovdebygda, den 28.04.1995

Svanhild Myklebust  
Svanhild Myklebust

Hans M. Ryste

Ove Ljd  
Ove Ljd

Per R. Mork  
Per R. Mork

Kai Raaberg  
Kai Raaberg

Kjetil Årøen  
Kjetil Årøen  
driftsleiar